



Aurland kommune

---

# Kommuneplanen sin handlingsdel

2019-  
2022

---

Handlingsdelen gjev grunnlag for kommunen si prioritering av ressursar, planleggings- og samarbeidsoppgåver. Kommuneplanen sin handlingsdel skal vidare konkretisera tiltak innanfor kommunen sine økonomiske rammer. Handlingsdelen skal rullerast årleg.

*Høyringsframlegg*

# Kommuneplan for Aurland kommune

Samfunnsdel: 2007 – 2019

Arealdel med konsekvensvurdering: 2008 - 2020

## **Visjon: Aurland – det naturlege valet!**

**Kommunen sine verdier:** Menneske i sentrum, tradisjon og kulturhistorie, langsiktige berekraftig utvikling, samt lokal ressursutnytting og foredling.

**Mål for kommunen:** Auke folketalet i kommunen, mangfaldig næringsliv, arbeidsplassar – heile året, bustadar og tomter til alle som ynskjer å busette seg i kommunen, oppretthalde busetnad i grendene, attraktive fritidstilbod, trygt oppvekstmiljø, god tenesteyting, arbeide for berekraftig samfunnsutvikling.

### **MÅLOMRÅDE:**

<b>Næringsutvikling</b>	<b>Tettstadutvikling</b>	<b>Lokal agenda 21 og berekraftig samfunnsutvikling</b>	<b>Bustadpolitikk</b>	<b>Folkehelse, universell utforming og barne og unge.</b>	<b>Sikkerheit og beredskap</b>	<b>Kommunale tenester</b>
Aurland kommune skal ha heilårsarbeidsplassar innanfor eit mangfaldig næringsliv til alle som ynskjer å arbeide i kommunen	Tettstadane i kommunen skal vere attraktive bustadområde og gode møteplassar for fastbuande og tilreisande. Tettstadutviklinga skal skje med grunnlag i arkitektonisk og kulturhistorisk medvit og vere funksjonelle for alle. Aurlandsvengen skal vere eit sterkt kommunesenter med eit breitt tilbod til innbyggjarar og tilreisande.	Aurland kommune vil trekkje innbyggjarane inn i planlegging og samfunnsutforming i tråd med LA 21. Aurland kommune skal arbeide for å vere eit berekraftig samfunn med omsyn til biologisk, økonomisk, sosial og kulturell berekraft.	Busetnaden i heile kommunen skal oppretthaldast.	Utvikle eit aktivt folkehelsearbeid på tvers av faglege og organisatoriske grenser. Førebygge meir, reparere mindre.	Aurland kommune vil leggja vekt på beredskap og tryggleiksomsyn i alle kommunal verksemd og planlegging. Det er eit krav om at ambulansetene sta må ha heilårleg, akutt døgnambulansestasjon i Aurland.	Aurland kommune skal ha godt tjenestetilbod kjenneteikna ved: God tilpassing til innbyggjarane sitt behov, effektivitet, kvalitetsbevisst og motiverte medarbeidarar og god organisasjonskultur.

Kommuneplanen sin samfunnsdel seier kva som er viktig å halde fokus på i Aurland, oppfølging skjer via tertialrapportering og årsmeldinga.

## **Innleiing**

Kommuneplanen skal ha ein handlingsdel som viser korleis vedtekne planar skal følgjast opp med tiltak. Kravet om handlingsdel er nedfelt i §11-1 og § 11-4 i plan- og bygningslova.

Handlingsprogrammet vert lagt fram som eige dokument. Handlingsprogrammet viser kommunen sine prioriteringar av ressursar, planleggings- og samarbeidsoppgåver. Det konkretiserer tiltaka som kommunen skal arbeida med i løpet av dei komande fire budsjett åra.

Samanhengen med økonomiplanen og årsbudsjettet er viktig, det er gjennom desse planane tiltak i handlingsprogrammet vert finansiert.

Rådmannen rapporterer på status på tiltaka i handlingsprogrammet i årsmeldinga.

Handlingsprogrammet 2019-2022 viser kva administrative tiltak som skal prioriterast i perioden. Det er i underkant av 50 tiltak i handlingsprogrammet.

### **Tiltaka er delt inn i åtte samfunnstema:**

1. Samfunnsutvikling
2. Medarbeidar- og organisasjonsutvikling
3. Samferdsle
4. Helse, sosial og omsorg
5. Barn og unge
6. Miljø, klima og beredskap
7. Kultur og folkehelse
8. Eigedomsforvaltning

### **Oversyn over gjeldande planar:**

Kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel 2008-2020

Handlingsdel med økonomiplan 2017 – 2020

Kommunal planstrategi 2017 – 2020

Kommunedelplan for veg og trafikktrygging, av 07.03.2013

Kommunedelplan for næring, av 19.06.2014

Kommunedelplan for helse og omsorg, av 18.09.2014

Hovudplan for vatn og avlaup

Kommunedelplan for klima og energi, av 16.12.2010

Kommunedelplan for fysisk aktivitet og folkehelse 17.12.2015

Rusmiddel politisk handlingsplan, 09.06.2016

Demensplan

Regional plan for Nordfjella villreinområde

Landbruksplan for Årdal, Lærdal og Aurland kommunar, av 13.09.2018

I tillegg er overordna ROS relevant for tiltak som blir prioritert

# Handlingsprogram 2019 – 2022

Forankring av tiltak: N -Nasjonale føringar  
K - Kommunale planar  
L - Lokale prioriteringar og vedtak

<b>Samfunnsutvikling</b>		
1.	L	Følge opp mål i intensjonsavtale om auka interkommunalt samarbeid mellom kommunane Årdal, Lærdal og Aurland (ÅLA)
2.	N	Revisjon av samfunnsdel og arealdel av kommuneplanen
3.	L	Utvikle sentrumsområda i bygdene - Aurlandsvangen, Undredal, Gudvangen og Flåm
4.	K	Bustadpolitisk handlingsplan
5.	L	Integrering av tilflyttarar
6.	L	Legge til rette næringsareal
7.	L	Vertskapsrolla og auka behov for tilrettelegging som følgje av vekst i reiselivsnæringa - samarbeid med næringsliv, private og frivillige om etablering, drift og finansiering. Vurdere å innføre ordning med reisemålsbidrag og betalingsparkering.
8.	K	Utarbeide handlingsplanar og følgje opp vedteken landbruksplan
<b>Medarbeidar- og organisasjonsutvikling</b>		
9.	L	Vidareutvikle årshjul og innarbeide brukar- og medarbeidarundersøking
10.	L	Elektronisk delegasjonsreglement, kvalitetssystem og internkontrollsystem
11.	L	Arbeidsgjevarstrategien – halde fram med fokus på leing og leiarstruktur
12.	L	Innkjøpsstrategi, innkjøpsrutinar og kontraktsoppfølging
13.	L	Organisatorisk endringsprosjekt/administrativ og politisk omstilling
14.	L	IKT-strategi og digitalisering
15.	N	Nye og endra lovkrav m.a. kommunelov og personvernlovgiving
<b>Samferdsle</b>		

16.	K	Bygge turveg Heggviki – Bøen
17.	K	Trafikktryggingarbeid
18.	L	Pådrivar for å oppretthalde og betre kollektivtilbodet for pendling
19.	L	Pådrivar for god og trygg standard på fylkes- og riksvegar
<b>Helse, sosial og omsorg</b>		
20.	N	Psykologteneste – lovkrav frå 2020
21.	K	Legetenesta – utgreiing av interkommunalt samarbeid
22.	K	Kartlegge frisklivsaktivitetar i kommunen og utgreie interkommunale løysingar for frisklivsarbeid
23.	K	Omstilling pleie og omsorg – inkludert å etablere fleire omsorgsbustader med heildøgntenester
24.	N	Bu- og omsorgssenter for psykisk sjuke med behov for langvarige kommunale tenester. Prosjekt i regi av Lærdal kommune
<b>Barn og unge</b>		
25.	L	Ny barnehage – planlegging og bygging
26.	L	«På tvers» - prosjekt for betre samordning av tenester til barn og unge
27.	N	System for styrka læring – regionalt program for skuleutvikling i perioden 2012-2021
28.	N	Inkluderande barnehage og skulemiljø (IBOS)
<b>Miljø, klima og beredskap</b>		
29.	N	Energi og miljøratts Aurland (EMSA) – vidareføring med fokus på utvikling av nye konsept
30.	L	Gjennomgang av kommunen si oppfølging av klima og miljøspørsmål, inkludert rullering av kommunedelplan for klima og energi
31.	L	Tidleg varsling og klimatilpassing lokalt – vidareføre med fokus på meir presis lokal varsling
32.	N	Oppfølging av vassdirektivet – lokal tiltaksanalyse (ISVO) og regional forvaltningsplan og tiltaksplan frå fylkeskommunen

33.	N	Revisjon av Aurlandskonsesjonen frå 1967/72 og Kjosfossen 1949
<b>Kultur og folkehelse</b>		
34.	K	«Aktiv kvardag for alle» som eitt av dei overordna måla for kommunal tenesteyting
35.	L	Aurland kommune skal vere ein aktiv partner i Nærøyfjorden verdsarvpark
36.	K	Sti og løypeplan
37.	K	Frivillegmelding
38.	L	Kulturminneplan inkludert pilotprosjekt i samarbeid med Riksantikvaren om kulturminne og klima
<b>Eigedomsforvaltning</b>		
39.	L	Rehabilitering og oppgradering av symjehallen i AIS
40.	L	AIS – arbeidsmiljø – lokalar musikk- og kulturskulen
41.	L	Fjordsenteret – arbeidsmiljø – avklare formål næringsdel
42.	L	Utarbeide ny plan for vatn og avløpsinvesteringar
43.	K	Opparbeiding av infrastruktur kommunale bustadfelt
44.	L	Gjennomgang av bygningsmasse bruk – sal – utleige
45.	L	Gjennomgang av prinsipp for fastsetting av husleige på næringsbygg